



KI-notat nr.: 54/2010 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Indre Hardanger Kraftlag AS/Folkedal kraftverk		
Fylke/kommune:	Hordaland/Granvin		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Kristin Haugen	Sign.:	
Dato:	12 MAI 2010		
Vår ref.:	NVE 200705305-25		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til opprusting og utviding av Folkedal kraftverk i Granvin kommune, Hordaland

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	9
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse	11
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	16
NVEs vurdering	21
NVEs konklusjon	24

Sammendrag

Indre Hardanger Kraftlag AS har søkt om tillatelse etter vannressursloven § 8 til opprusting og utvidelse av Folkedal kraftverk. Dette innebærer anlegg av ny kraftstasjon 300 meter lenger ned og på andre siden av elva for dagens. Gammel rørgate i tre og støpejern, tildels klamret til fjellet, fjernes, og ny rørgate legges i tunnel. Inntaksdammen ved Svortetjørn rehabiliteres og det lages anordning for slipp av minstevannføring. Nytt inntak er tenkt plassert rett vest for Svortetjørn. Det er søkt om ca. 2,5 km ny vei til inntaket og ny vei med kryssing av Folkedalselvi til kraftstasjonen fra eksisterende kommunal vei. Ny installasjon i kraftverket er 5,6 MW. Største slukeevne er på 1,8 m³/s tilsvarende 173 % av middelvannføringen på 1,04 m³/s. Årlig produksjon vil økes med ca. 18 GWh/år til 26 GWh/år. Det er foreslått slipp av minstevannføring på 52 l/s hele året. Ingen av de eksisterende reguleringene i vassdraget planlegges endret.

Granvin herad er positive til planen om opprusting og utvidelse av Folkedal kraftverk, opprusting av inntaksdammen og ny skogsbilvei fram til Svortetjørn. De stiller krav om at Indre Hardanger Kraftlag AS utbedrer veien til Øvre Folkedal og eventuell slitasje som blir påført veien i anleggsperioden. Inntaksdammen ved Svortetjørn ligger i LNF-område med inngrepsfri sone på 50 meter fra vassdrag.

Det må søkes om dispensasjon fra kommuneplanen for bygging av ny inntaksdam. **Fylkesmannen i Hordaland** mener at opprinnelig konsesjonssøknad er mangelfull. I sin uttalelse til planendringssøknaden har de ingen innvendinger til planlagt opprusting og utvidelse av selve kraftverket, men mener at tiltaket ikke er avhengig av vei fram til Svortetjørn. De mener at denne er et stort unødvendig inngrep i landskapsrommet i et område som i dag har lite inngrep. Dersom veien til Svortetjørn er en forutsetning for å gjennomføre tiltaket, anbefaler Fylkesmannen at det ikke blir gitt tillatelse til Folkedal kraftverk. **Hordaland fylkeskommune** er grunnleggende positiv til opprusting og utvidelse av Folkedal kraftverk og mener at de forslag til avbøtende tiltak som kommer fram av søknaden bør bli tatt inn i konsesjonsvilkårene. De mener at veien fram til Svortetjørn vil gjøre området mer tilgjengelig for friluftsliv og landbruk. Fylkeskommunens kultur- og idrettsavdeling har etter planendringssøknaden vært på befaring i området uten å ha funnet at tiltaket er i konflikt med kjente kulturminner eller at potensialet for funn av kulturminner er spesielt stort. De minner likevel om aktsomhetsplikten etter kulturminneloven § 8. **Statens vegvesen Region vest** har ingen merknader til søknaden. **Bergvesenet** har ingen merknader til søknaden. **BKK Nett AS** opplyser om at det ikke er ledig nettkapasitet for opprusting og utvidelse av Folkedal kraftverk. **Knut Endre Folkedal som representerer grunneierne i Folkedal** ser positivt på opprusting og utvidelse av Folkedal kraftverk og ønsker at overskuddsmasser fra anlegget benyttes til heving av flomutsatt dyrka mark. De ser positivt på mulighetene anleggsveien til Svortetjørn vil gi for uttak av skog og adkomst til stølsområder, både for egen næringsutvikling og allmennheten.

NVE mener at opprusting og utvidelse av Folkedal kraftverk vil gi økt produksjon av fornybar energi uten å medføre store nye inngrep. Tiltaket vil gi redusert vannføring i fossen øverst i Folkedalselvi i forhold til i dag, men det er samtidig planlagt å slippe en minstevannføring hele året, noe som er gunstig for livet i og rundt elva. Anleggsvei fram til inntaket vil ha positive virkninger for lokalsamfunnet og forenkle arbeidet med driving av tunnel og fjerning av gammel rørgate. Ulempene tiltaket vil medføre kan i stor grad avbøtes gjennom tilstrekkelig slipp av minstevannføring hele året og at tiltaket tilpasses terrenget.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir Indre Hardanger Kraftlag AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til opprusting og utvidelse av Folkedal kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Indre Hardanger Kraftlag AS, datert 02.12.2008:

"SØKNAD OM LØYVE OM OPPRUSTING OG UTVIDING AV FOLKEDAL KRAFTVERK I FOLKEDALSELVI I GRANVIN KOMMUNE I HORDALAND

Indre Hardanger Kraftlag AS ynskjer å ruste opp og utvide eksisterande Folkedal kraftverk i Folkedalselvi i Granvin i Hordaland fylke og søker hermed om fylgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:
 - Å ruste opp og utvide Folkedal kraftverk
2. Etter energilova om løyve til:
 - Bygging og drift av Folkedal kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinje som gjort greie for i søknaden

Det er Indre Hardanger Kraftlag AS som eig all grunn og har alle rettar som er naudsynte for å gjennomføre prosjektet.

Naudsynte opplysningar om tiltaket går fram av utgreiinga nedanfor."

Folkedal kraftverk, hoveddata			
TILSIG		Dagens kraftverk	Nye Folkedal kraftverk
Nedbørfelt	km ²	16,8	16,8
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	32,8	32,8
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	61,8	61,8
Middelvanntføring	m ³ /s	1,04	1,04
Alminnelig lavvanntføring	m ³ /s	0,052	0,052
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,21	0,21
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,036	0,036
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	460,5	460,5
Avløp	moh.	124,0	85,0
Lengde på berørt elvestrekning	m	950	1100
Brutto fallhøyde	m	336,5	375,5
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,667	0,871
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,5	1,8
Slukeevne, min	m ³ /s	0,05	0,1
Tilløpsrør, diameter	mm	300/750	900
Tunnel, tverrsnitt	m ²		
Tilløpsrør i dagen, lengde	m	1302/550	
Tilløpsrør, nedgravd	m		430
Tilløpsrør, tunnel	m		275
Installert effekt, maks	MW	1,2	5,6
Brukstid	timer	5800	4600
MAGASIN			
Magasininvolum	mill. m ³	0,03	0,03
HRV	moh.	460,5	460,5
LRV	moh.	458,5	458,5

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,9	11
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	6,1	15
Produksjon, årlig middel	GWh	8,0	26

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	58
Utbyggingspris	kr/kWh	2,23

Folkedal kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Ytelse	MVA	6,5
Spennning	kV	6,6

TRANSFORMATOR

Ytelse	MVA	6,5
Omsetning	kV/kV	6,6/24

NETTILKNYTNING

Lengde	km	6000 (eksisterende linje oppgraderes ved ev. behov)
Nominell spenning	kV	24
Luftlinje el. jordkabel		Luft

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Granvin herad har i kommunestyremøte den 17.03.2009 vedtatt følgende:

"Granvin herad stiller seg positive til Indre Hardanger Kraftlag AS sin plan for opprusting og utviding av Folkedal Kraftverk, opprusting av inntaksdam og ny skogsbilveg fram til Svortetjørn

Granvin herad stiller krav om at Indre Hardanger Kraftlag utbetrar vegen opp til Øvre Folkedal og eventuelle slitasjar som blir påført vegen. Dette kan løysast ved at kommunen og IHK gjennomgår status på vegen på førehand og etter anleggsperioden er over."

Fra saksframlegget refereres følgende:

"Vurdering:

Når det gjeld kraftutbygging i høve til kommunedelplan næring 2007-2010 seier planen at småkraftutbygging er eit viktig tema som Granvin herad ønskjer å legge til rette for. Såleis er tiltaket som er planlagt i Folkedal i tråd med det som står i næringsplanen. Inngrepa i naturen blir haldne på eit minimalt nivå sidan det her er snakk om utbetringar av eit alt eksisterande kraftverk.

Når det gjeld ny skogsbilveg fram til inntaksdammen vil denne bli på om lag 2,5 km frå eksisterande skogsveg. Den nye vegen skal byggast for å få fram maskiner og utstyr til bygging av ny dam, nytt inntak og boring av trykksjakt ved Svortetjørn. For grunneigarar har dei utalt at dei er positive då dette kan gje dei høve til å ta ut ved, og det gjer lettare tilgang til fjellområda. Det er i rapporten berre lagt opp til eit traséval for skogsbilvegen då det er vurdert slik at det

ikkje er andre realistiske tilkomstar opp til inntaket. Vegen vil ikkje kome i konflikt med kjente naturverdiar eller redusere arealet av inngrepsfrie naturområde.

Når det gjeld bilvegen opp til Folkedal er denne tenkt som tilkomstveg. Det er i rapporten sagt at det er behov for enkelte utbetringar for å betre tilkomsten. Det er ønskeleg at slike utbetringar blir gjort då større køyretøy i dag kan ha problem med å komme til. Mykje anleggstrafikk opp langs vegen vil truleg slite på vegen. Det bør difor vere eit krav at utbyggjar i førekant og etterkant av anleggsperioden er i dialog med kommunen om vøling av eventuelle skader på vegen.

Inntaksdammen ved Svortetjørn ligg i dag innanfor LNF- området med inngrepsfri sone på 50 meter. Ved bygging av ny inntaksdam må det eventuelt søkast om dispensasjon frå dette forbodet. Det kan og nemnast i området aust for Svortetjørn, Mikkjelstøl er det lagt ut felt for spreidd hyttebygging på 8 hytteiningar.

I dei fleste hovudtrekk meiner sakshandsamarar at IHK sin søknad om opprusting og utviding av Folkedal er eit godt tiltak med positive verknader for kommunen og miljøet.”

Fylkesmannen i Hordaland ga følgende uttalelse i brev av 12.02.2009:

”Fisk

Det synast bli små negative konsekvensar for fisk ved denne utbygginga i høve til det eksisterande kraftverket i vassdraget. Det er positivt at det vert sleppt minstevassføring, slik at ikkje elva kan verte turr, slik stoda kan vere ved dagens regulering.

Biologisk mangfald

Fylkesmannen kan ikkje sjå at floraen langs berørt elvestrekning eller anleggsvegar, røyrgate eller massetipp er skildra eller verdivurdert. Det blir vist til den kommunale kartlegginga av naturtypar og gransking av flyfoto, noko som tyder på at det ikkje er gjennomført undersøkingar i felt retta mot floraen i influensområdet. Det blir sagt spesifikt at områda langs planlagt anleggsveg og massetipp ikkje er nærmare undersøkt. På så tynt grunnlag blir det problematisk å seie noko om dei miljømessige konsekvensane av tiltaket.

Det blir nemnt at val av detaljert vegtrasé (truleg mot Krokavatn og Svortetjørn) bør skje etter ei botanisk vurdering av aktuell trase. Fylkesmannen er einig i denne vurderinga, men meiner at potensialet for viktige naturverdiar i vel så stor grad er knytt til dei nedre anleggsområda, det vil seie anleggsvegar, massetipp og røyrgate nedanfor Gili. Ei skildring av floraen i dette området, saman med ei vurdering av tiltaket sin verknad på denne, ville difor ha vore på sin plass.

Terrestrisk fauna er oftast mindre relevant i slike saker, men det bør i alle fall gjerast ei vurdering av om tiltaket vil få konsekvensar for vassdragstilknytte artar (fossekall og vintererle). Hjort er einaste art som har ein liten omtale i søknaden, men dette er svært lite relevant i forhold til den aktuelle problemstillinga.

Landskap, friluftsliv, inngrepsfrie naturområde (INON) og verna vassdrag

Folkedalselvi renn frå Svortetjørn gjennom bratt dalføre omkransa av lauvskog. Elva går her i foss og stryk. Vidare nedover renn ho i roligere parti gjennom dyrka jordbruks- og kulturlandskap. Gjennom dalen går det ein gamal ferdssleveg kalla Saltvegen. Det er busetnad oppover dalføret. Aktuell røyrgate og nye vegar vil verte synlege inngrep i området. Sjølv om landskapsrommet er modifisert, må omsynet til dei eksisterande landskapsverdiene i tiltaksområdet likevel ivaretakast. Slik søknaden no ligg føre meiner Fylkesmannen at det ikkje

er utgreidd gode nok løysingar som tek i vare desse verdiane (meir om dette under handtering av overskotsmassar).

Den såkalla Saltvegen går gjennom tiltaksområdet. I samband med utbygginga vil ein komme inn på delar av den. Vi forutset at denne vert tilbakeført slik søknaden legg opp til.

Slik tiltaka er skildra, vert ikkje inngrepsfrie naturområde redusert. Vassdraget er ikkje verna.

Handtering av overskotsmassar

Det vert fleire stader i søknaden framheva at fysiske inngrep i samband med opprustinga vil medføre negative konsekvensar på naturmiljø og landskap men at dersom naudsynnte omsyn vert tatt undervegs og i etterkant av utbetringa, vil desse konsekvensane verte minimale.

Fylkesmannen meiner dette ikkje er godt nok. Rett nok er det snakk om å ruste opp eksisterande kraftverk, men det skal byggast omlag 2,5 km anleggsveg til inntaksdam pluss anleggsveg til nedre tunnelpåhogg, det skal lagast 430 m grøft til ny røyrgate og det skal dumpast 6000 m³ masse langs elva nedanfor nedre tunnelpåhogg og det skal byggast ny kraftstasjon og veg til denne. Dette krev ein betre plan for handtering av overskotsmassar enn at ein tek det undervegs og i etterkant av gjennomført tiltak. Det er gjennom ein konsesjonssøknad at tema som dette skal avklarast. Det må her drøftast aktuelle alternativ for bruk av denne steinen.

Mellomlagring/permanent lagring må avklarast og det bør skildrast for korleis ein vil handtera dette i forhold til plan- og bygningslova og forureiningslova.

Konklusjon

Dei planlagde tiltaka er omfattande og vil medføre store inngrep i naturmiljø og landskapsrom. Den framlagte konsesjonssøknaden er etter Fylkesmannen sin oppfatning mangelfull og gir ikkje i tilstrekkeleg grad svar på konsekvensane for mellom anna landskap, biologisk mangfald og naturvern. Søknaden gir heller ikkje svar på kva som skal gjerast med det store masseoverskotet. Fylkesmannen vil difor, slik søknaden no ligg føre, rå frå at det vert gjeve løyye til omsøkte opprustning."

Hordaland fylkeskommune fattet følgende vedtak i fylkesutvalget 18.02.2009:

"...

1. Fylkesutvalet er grunnleggjande positiv til ny fornybar energiproduksjon, under føresetnad av at det vert leke omsyn til aktuelle areal- og miljøkonfliktar, og rår til at konsesjon vert gjeve.
2. Konsekvensane for regionale verdiar samla sett er i denne saka ikkje vurdert til å vere vesentlege.
3. Dersom det vert gjeve konsesjon til tiltaket, må Hordaland fylkeskommune bli gjort kjent med kor ein har tenkt å plassere deponi og riggområde sidan dette kan kome i konflikt med eit kjent automatisk freda kulturminne, "Snolthaug".

Fra saksfremlegget refereres følgende:

"Verknad for miljø, ressurs og samfunn

Samla Plan for vassdrag:

Tiltaket er tidlegare handsama i Samla Plan ved ulike alternativ dei fleste i kategori I. Grensa for handsaming i Samla plan er no heva til 10 MW og utbygginga er dermed tatt ut av planen. Vassdraget er ikkje verna.

Vassføring

Vassdraget har dominerande vår- og tidleg sumarflaumar. Middelvassføringa er på om lag 62 l/s/km². Ålmenn lågvassføring er rekna til om lag 1,04 m³/s ved inntaket. Tiltaket vil føre til vesentleg reduksjon av samla vassføring i om lag 1,1 km av elva på strekninga mellom inntak og utløp. Samtidig vil fåren for turrlegging bli minska ved at det er foreslått slepp av minstevassføring på 52 l/s. Det er ikkje krav til minstevassføring i anlegget per i dag

Biologisk mangfald og verneinteresser

Folkedalselvi ligg i eit område med mindre viktige naturtypar. Elva er bratt på store delar av utbyggingsstrekninga, men det er fisk i elva. Vandring av anadrom laksefisk vert stoppa nedstrøms kraftverket av naturlege hinder. Det er derfor berre ei kort strekning av elva som fører sjøaure. Det er ikkje venta vesentlig negative konsekvensar for fisk i forhold til dagens regulering.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfri natur

Utbygginga vil ikkje verke inn på inngrepsfri natur. Det er heller ikkje venta vesentlige endringar høve til landskap og friluftsliv. Det største inngrepet i så måte vil vere tilkomstvegen. Denne vert prøvd tilpassa terreng og nærmiljø. Vanskeleg terreng gjer at sjølve elvestrekninga er lite nytta i friluftssamanheng og for friluftsliv og landbruk kan vegen gjere området meir tilgjengeleg.

Kulturminne

Det vart utført ei kulturhistorisk synfaring i utbyggingsområda 09.10.07. Ein gjekk då opp både stasjonsområdet, delar av røyrgatetraseen og den foreslegne vegframføringa til Svortetjørn. Dåverande vegtraséforslag fylgde skogsvegen og var i konflikt med den gamle stølsvegen/ferdslevegen (Saltvegen) og ein steingard på nokre punkt like SV for enden av skogsvegen. Det ser ut til at desse omstenda er teke omsyn til og at ein no tek av frå skogsvegen ein god del lengre mot NNA.

Ein kan ikkje sjå at den omsøkte røyrgatetraseen eller stasjonsområdet er i konflikt med automatisk freda kulturminne, andre verneverdige kulturminne eller kulturlandskapsverdiar. Landbruksarealet øvst i dalen ser ut til å vera tungt dyrka opp maskinelt. Ein kjenner til ein gravhaug, "Snolthaug" (Askeladden id. nr. 117965) som ligg att ved tunet på gnr. 129, bnr. 2. Dersom det vert gjeve konsesjon til tiltaket må Hordaland fylkeskommune bli gjort kjent med kvar ein har tenkt å plassere deponi og riggområde.

Landbruk og andre samfunnsinteresser

Sjølve elva vert ikkje nytta til vassforsyning mellom inntak og utløp. I anleggsfasen kan elva verta lokalt noko tilslamma, men vasskvaliteten vil ikkje verta påverka i driftsfasen. Området vert nytta til jakt og fiske. Anleggsfasen kan skape noko negativ verknad i samband med jakt og fiske. Det er ikkje venta negative konsekvensar i driftsfasen.

Tiltaket kan gje noko lokal eller regional sysselsetting i anleggsfasen og skatteinntekter i driftsfasen. Tiltaket vil ikkje gje nye arbeidsplassar.

Alternativ og avbøtande tiltak

I søknaden er det lagt ved forslag til nokon avbøtande tiltak inklusiv minstevassføring, utforming av anlegg og demping av synlege effekter.

4. Vurdering

I utbyggingssaker er det fylkesdelplan for energi 2001 -2012 med mål og fylkespolitiske retningslinjer som vert viktigaste rettesnor for sakshandsaming.

Prosjektet er planlagt i eit område som allereie er bygget ut og utan at nye område vert ramma. Prosjektet det vert søkt om har lite potensial for konflikt med andre miljø- og arealdisponeringar. Verknadene på miljø og landskap er utgreia og synleggjort på kart og bilete. Det same med forholdet til verna område og inngrepsfri natur. Verknadene vert utgreia som lite negative. Tiltaket vil ikkje føre til tap av inngrepsfri natur eller viktige friluftsområde.

Når det gjeld kulturminne ser det ikkje ut til å vere konflikt, men dersom det vert gjeve konsesjon til tiltaket må Hordaland fylkeskommune bli gjort kjent med kvar ein har tenkt å plassere deponi og riggområde.

Tunnelmassane vert foreslått nytta til anlegget og det resterande lagt i deponi for framtidig nytting.

5. Oppsummering

Som opprusting og utviding er utbygginga relativt stor. Tiltaket inneber både tunnelsprenging, vegbygging, bygging av ny kraftstasjon og massedeponi i terrenget. Det inneber likevel ikkje inngrep i nye område. I underlagsrapporten vert verknadene vurdert til lite negative konsekvensar for dei ulike tema som er vurdert. I følge rapporten står ingen store brukarinteresser på spel. Ein føreset at alle forslag til avbøtande tiltak frå søknaden vert tatt inn i konsesjonsvilkåra. Under desse føresetnadane finn ein ikkje å ville rå frå utbygginga av regionale omsyn."

Statens vegvesen Region vest kom med følgende uttalelse i brev av 05.02.2009:

"Tiltaket føreset tilkomst til kommunal veg og vidare til kryss med RV 7.

Det er opplyst i søknaden at nedanfor kraftstasjonsutløpet blir vassføringssituasjonen i det alt vesentlege som i dag. Det skulle i så fall ikkje ha innverknad på bru over Folkedalselvi ved Riksveg 7.

Statens vegvesen har ikkje merknader til konsesjonssøknaden."

Bergvesenet kom med følgende uttalelse i brev av 05.02.2009:

"Etter det vi kan sjå vil tiltaket ikkje røre ved viktige mineralske førekomstar, og Bergvesenet har følgeleg ikkje merknader i saka."

BKK Nett AS kom med følgende uttalelse i brev av 09.02.2009:

"Det er på det nåværende tidspunkt ikke ledig nettkapasitet for det konsesjonssøkte tiltaket for Folkedal kraftverk.

BKK Nett arbeider med en større vurdering av muligheter for nettkapasitet til mulige fremtidige kraftverk i Hardanger, Voss og Samnanger (HVS), Folkedal kraftverk er ett av mange kraftverk som inngår i denne vurderingen. BKK Nett har som en del av dette arbeidet blant annet sendt konsesjonssøknader til NVE og oppdatert informasjon gjøres fortløpende tilgjengelig på vår internettside: www.bkk.no/hvs."

Knut Endre Folkedal kom på vegne av grunneiere i Folkedal med følgende uttalelse i vedlegg til e-post av 28.02.2009:

"Grunneigarane i Øvre Folkedal ser positivt på opprusting og utviding av Folkedal kraftverk.

Etter at vassdraget vart regulert ved forrige konsesjon i 1937, vart det ikkje lenger så "ekstreme" flaumsituasjonar/toppar i elva med den følge at me fekk mindre skade på eng som ligg langs elva. Me ser likevel at denne reguleringa som no ligg til konsesjonshandsaming, vil gje auka normalvannstand i elva. Allereie i dag står grunnvatnet i grasrøtene, så ein bør vel sjå på eventuell bruk av overskotsmassar (frå røyrtunnel) til å "heva" problem områda.

Når det gjeld tilkomstvegar til utbyggjinga er me sær positive. Me vil då få mogelegheit til å driva ut skog, som står i og ved områda rundt vegtraseane. Vegtraseen til dammen løyser ut stølsområde og tilkomsten som dette gjev, kan gjera næringsutnyttinga for vår del, og bruken av området for ålmenta større."

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har som vedlegg til e-post av 02.04.2009 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

"Visar til e-post dagsett 18.3.2009, vedk. innkome fråsegner til høyring i samband med konsesjonssøknad for bygging av Folkedal kraftverk. Me har gått igjennom dei innkomne fråsegnene og vil med dette søka å gje våre kommentarar. Våre kommentarar er gitt i same rekkefylgje og med same nemning som i e-post.

Dok 8 - Høyringsfråsegn - Folkedal kraftverk – Bergvesenet

Ingen kommentar

Dok 9 - Høyringsfråsegn - Folkedal kraftverk - Statens vegvesen

Ingen kommentar

Dok 10 - Høyringsfråsegn - Folkedal kraftverk - BKK Nett

Kraftlaget er kjent med at det på noverande tidspunkt ikkje er ledig kapasitet på regionalnettet. Som områdekonsesjonær har me jevnleg kontakt med BKK Nett og ventar at dette problemet er løyst innan ny kraftstasjon i Folkedal er klar for å knytast til nettet.

Dok 11 - Høyringsfråsegn - Folkedal kraftverk - Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland (FH) konkluderar i si fråsegn med å rå frå at det vert gjeve konsesjon slik søknaden ligg føre. Grunnlaget for dette er at det etter FM sitt syn er manglar ved den biologisk mangfaldsundersøkinga, deriblant langs trasé for anleggsvegar og massedeponi. Dei er heller ikkje nøgd med plan for bruk av overskotsmassar.

Norsk institutt for naturforskning (NINA) utførte i 2004 på oppdrag frå Kraftlaget, ei biologisk mangfaldsundersøking. I tillegg til dette hadde Granvin herad ei kartlegging i 2005 (Djønna 2005). Det er ikkje avdekka noko i vårt prosjekt som kjem i konflikt med disse undersøkingane. Dei forholda som FM påpeike er meint utgreidd i samband med hovud- og detaljplan, dette går fram av vår konsesjonssøknad. Årsaka er at det på eit så tidleg stadiet av planlegginga, dvs. før val av detaljløysingar, ikkje er godt nok oversyn over mengd massar og dermed ikkje mogleg å planlegga bruk av disse.

Kraftlaget har førelagt FM si fråsegna til NINA, jf. vedlagd svarbrev dagsett 6.3.2009. Dei meiner at fylgjande er godt nok utgreidd; flora langs rørd elvestrekning og konsekvens for

vassdragstilknytte artar (Fossekall og Vintererle). Utover dette er dei samde med FM om at det er områder som ikkje er godt nok undersøkt. På bakgrunn av dette ynskjer me å utføra ytterligare undersøkingar / planar, prioriterte tiltak er lista opp i konklusjon til dette brevet.

Dok 12 - Høyringsfråsegn - Folkedal kraftverk - Hordaland Fylkeskommune

Kraftlaget er kjent med det freda kulturminne, "Snolthaug" (Askeladden id. nr. 117965) som ligg att ved tunet på gnr. 129, bnr. 2. og vil ta omsyn til denne ved plassering av deponi og riggområde.

Dok 13 - Høyringsfråsegn Folkedal Kraftverk – Gr.eiere i Folkedal v/Knut Endre Folkedal

Kraftlaget skal vurdere ynskje frå grunneigarane om å nytta overskotsmassar til å heva terrenget der det kan oppstå problem med flaum i elva, jf. tiltak under avsnitt; konklusjon.

Dok 14 - Høyringsfråsegn - Folkedal kraftverk - Kommunens innstilling til politisk beh.

Dok 15 - Høyringsfråsegn - Folkedal kraftverk - Ferdigbehandla i Granvin Formannskap

Kraftlaget er samd i at me skal utbetra alle skadar/slitasje som vert påført lokalvegen i Folkedal som resultat av vårt prosjekt. Me ynskjer meir informasjon om kor omfattande utbetringar som ligg i Granvin herad sitt vedtak; "Granvin herad stiller krav om at Indre Hardanger Kraftlag utbetrar vegen opp til Øvre Folkedal", før me forpliktar oss til å førestå ei slik utbetring. Kraftlaget vil ta kontakt med heradet for å få avklart dette.

Konklusjon:

På bakgrunn av dei innkomne fråsegnene vil me utføra følgjande:

- Gjennomføra undersøking av biologisk mangfald i nedre anleggsområde, dvs. langs anleggsvegar og røyrgate, samt del av elv nedanfor eksisterande kraftstasjon.
- Visualisera innverknaden på landskapet med teikningar av tekniske installasjonar i terrenget.
- Utarbeida detaljplan for anleggsveg til Svortetjørn. Planen skal beskriva forholdet til Saltvegen og eventuelle avbøtande tiltak. I samband med denne planen vil det bli utført ei undersøking av biologisk mangfald langs planlagd vegtrasé.
- Laga oversikt over mengd overskotsmassar og plan for bruk av disse. Planen skal ta høgde for det utbyggingsalternativet med størst masseoverskot. Kraftlaget vil søka å etablera avtalar med grunneigarane i området for avsetnad av overskotsmassar. Om det er naudsynt så skal eventuelle tippområde undersøkast med omsyn på biologisk mangfald.
- Ta kontakt med Granvin herad for å laga avtale vedk. lokalveg til Folkedal.

Vonar desse tiltaka saman med allereie utførte undersøkingar/planar vil vera tilstrekkelig til at de kan foreta ei god utgreiing av prosjektet."

Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse

Etter høringsrunden har Indre Hardanger Kraftlag kommet med følgende planendringssøknad datert 09.07.2009:

"1. Innleiing:

Viser til vår søknad: "Søknad om løyve om opprusting og utviding av Folkedal kraftverk i Folkedalselvi i Granvin kommune i Hordaland." dagsett 2.12.2008.

Med utgangspunkt i forprosjekt, konsesjonssøknad, og innkomne fråsegner, har Indre Hardanger Kraftlag (IHK) saman med våre samarbeidspartnarar, arbeid vidare med prosjektet for å finna gode løysingar som stettar dei ulike krav og ynskjer på ein best mogleg måte. Under detaljplanlegging av anlegget har det kome fram nye og betre måtar å løysa ulike delar på. Desse endringane er så vesentlege at det er trong for å koma med ei endringsmelding til opphavlig søknad. Endringane gjeld:

- Anleggsveg til Svortetjørn.
- Vassveg frå inntak til stasjon og plassering av kraftstasjonsbygning.

Denne meldinga gjev berre ei samanfating av endringane. Kvar endring er nøye behandla i eigne rapportar som er vedlagt denne endringsmeldinga.

2. Samandrag:

Kraftlaget har i etterkant av konsesjonssøknaden arbeidet hardt saman med våre samarbeidspartnarar med å finna gode løysingar for prosjektet. Følgjande partar har delteke i ulike deloppgåver i prosjekteringa:

- Indre Hardanger Kraftlag (utbygger og anleggseigar)
- Norconsult (konsulent og hovudprosjekterande)
- Hardanger Consult (Konsulent og delprosjekterande)
- Norsk institutt for naturforskning (konsulent biologisk mangfald)
- Aktuelle grunneigarar (gode bidragsytarar på mange plan)
- Statnett (samarbeidspartnar for anleggsveg)

Detaljprosjekteringa har avdekka andre og betre måtar å løysa enkelte oppgåver. Grunnen til at dette kjem i etterkant av innlevert søknad er at problema ikkje har vert synlege før ein har studert prosjektet på detaljnivå. Dei delane av prosjektet som krev endringar er:

Anleggsveg til Svortetjørn.

Omsøkt trase har vist seg å gje ei dårleg vegløyysing både teknisk/økonomisk og spesielt vil vegen medføra store inngrep i landskapet. Ny trasé er tidlegare planlagt av grunneigarane som skogsveg. Traseen er grundig gjennomarbeid og vil gje ein god veg med monaleg mindre inngrep i landskapet. Einaste ulempe med ny trasé er at det medfører kryssing av Saltvegen. Men me meiner at med våre planlagde tiltak vil ikkje dette utgjera skade på totalopplevinga av denne vegen.

Vassveg frå inntak til stasjon og plassering av kraftstasjonsbygning.

I vår søknad var tunnelpåhugget plassert ved Gili ovanfor anlegget. Med denne løysninga ville omlag halve vassvegen vert i tunnel og resten i røyr i grøft/frittliggande. I tillegg til røyrtraseen

var det også planlagt anleggsveg og massedeponi i området fram til tunnelpåhugget. I detaljplanlegginga har me sett på ei alternativ løysing der ein vil bruka meir råsprengd tunnel/røyr i tunnel, i staden for nedgrave/frittliggande røyr, dvs. meir av vassvegen vert lagt i tunnel. Primært ynskje me at tunnelen vert ført heilt fram til kraftstasjonen, men det er mellombels ikkje avklart om grunnforholda tillet dette. Dette alternativet vil gi monaleg mindre inngrep i landskapet. I beste fall vil ikkje vassvegen være synlig i terrenget.

Opphavleg var inntaket tenkt plassert ved eksisterande dam. Men med ny plan for vassveg vil det vera naudsynt å også flytta inntaket, dette for å få nok overdekning av sjakt og råsprengd tunnel. Ny plassering er vist i vedlegg.

Eksisterande dam vert hovudsakleg som i dag men med ny installasjon for måleutstyr for minstevassføring. Eksisterande trehus over inntaksluka vil enten bli revet eller rehabilitert. Det er berre trong for permanent veg til nytt inntak, ikkje eksisterande dam.

Kraftstasjonen er tenkt i same området men på andre sida av elva. Grunnen til dette er dei geologiske forholda for tunnelen, jf. rapport. Plassering av tunnelpåslaget vert også avgjerande for den arkitektoniske utforminga av stasjonen, dvs. om stasjonen vert i tilknytning til portalen eller om den blir frittliggande eit stykke frå tunnelportalen.

Me har saman med grunneigarane laga ein plan der massane vert nytta til å heva flaumutsett dyrka mark i området nær kraftstasjonen. Med dette forslaget vil all tippmasse være skjult for all framtid og jordene i området vil bli meir produktiv og sikra mot flaum.

Til saman vil me hevda at desse endringane vil gje eit betre sluttprodukt med totalt sett små inngrep i naturen i området."

Planendringssøknaden ble sendt på høring 31.08.2009 til de som tidligere har uttalt seg i saken, og NVE mottok følgende uttalelser:

Fylkesmannen i Hordaland kom med følgende uttalelse i brev av 14.10. 2009:

"I vår uttale 12. februar 2008 konkluderar Fylkesmannen med at konsesjonssøknaden ikkje gjev tilstrekkeleg svar på konsekvensane for blant anna landskap, biologisk mangfald og naturvern samt kva som skal gjerast med det store masseoverskotet.

(...)

Fylkesmannen sine merknadar til endringssøknad

Generelt meiner Fylkesmannen at søknaden burde ha ei meir presis detaljeringsgrad i høve til faktiske areal- og terrenginngrep, og prosjektet sitt innhald. Søknaden er noko uoversiktlig og det kan syne som om prosjektet framleis er under planlegging.

Vi har tidlegare peika på at temaet biologisk mangfald var for dårleg utgreidd i samband med konsesjonssøknaden. Det er no gjort ei tilleggsundersøking av botaniske forhold i området. Samla sett gjev desse eit tilfredstillande bilete av det botaniske artsmangfaldet i planområdet, og verknadane av tiltaket på denne. Det er likevel eit poeng at deponering av massane må skje skånsamt og med omsyn til vegetasjonstypen or-askeskog langs elva.

Dei endringane som er føreslått når det gjeld vassveg og overskotsmassar vil redusere arealinngrepet, og fylgjeleg konsekvensar for landskap, opplevings- og naturverdiar. Vi er likevel kritiske til planlagt vegframføring, som vil vere eit stort inngrep i eit relativt urørt område, og som også vil redusere omliggande INON-areal, klasse 1-3 km.

Vegtraseen er synt i ein målestokk som er lite informativ i høve til å vurdere inngrepet med omsyn til landskap og terreng. I tillegg er føremålet med vegen uklart. Den er i all hovudsak omtalt som skogsveg, ein vegstandard som gjerne angår aktivitetar under tregrensa og som skal handsamast etter eige lov- og regelverk. Vegen er også omtala som anleggsveg, men endringssøknaden er ikkje tydeleg på reelt behov for vegframføring til Svortetjørn. NVE har opplyst i telefon at vegen blant anna skal nyttast til å transportere vekk eksisterande røyrgate. Etter vårt syn bør omsøkte prosjekt kunne gjennomførast ved bruk av helikopter, og utan framføring av veg til Svortetjørn.

Konklusjon

Endringssøknaden syner til grep som reduserer både inngrep i, og konsekvensar for natur - miljø og landskapsrom. Vassvegen er planlagt i tunnel samt at overskotsmassane skal nyttast til å heve flomutsett dyrkingsjord. Planlagt veg vil likevel medføre eit stort inngrep i landskapsrommet, og i eit område som per i dag har lite inngrep. Vi saknar også ei presisering av behovet for vegen, for så vidt føremålet, og om vegen tidlegare er godkjent eller planavklart.

Fylkesmannen har ikkje innvendingar til planlagt utbetring og utviding av sjølve kraftverket. Vi meiner at prosjektet ikkje er avhengig av vegframføring til Svortetjørn, og at bruk av helikopter er eit betre for denne utbygginga. Dersom vegen er ein føresetnad for å gjennomføre prosjektet så rår Fylkesmannen i frå at det vert gjeve løyve til omsøkte utviding og utbetring av Folkedal kraftverk.

Hordaland fylkeskommune kommer med følgende foreløpige uttalelse i brev av 09.09.2009:

"Viser til Planendringssøknad for Folkedal kraftverk i Granvin herad motteke som e-post datert 31.08.09. Viser også til tidlegare korrespondanse i saka. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Arbeidet Hardanger Consult har gjort i samband med føreslegen kryssing av Saltvegen er godt utført og vil vera ei tilfredstillande løysing om den vert utført som foreskrive. Dette vil vera ein føresetnad for å få utført vegtiltaket.

Når det gjeld område for massedeponi, så er dette ein nesten heilt ny situasjon med omsyn til søknad datert 12.12.08, punkt 2.2.9. og vist på vedlegg 3. Det var nemnt at ein før anleggsdrift ville drøfta spørsmålet med grunneigarane og kommunen. Det er no ganske store areal som er føreslegne heva. Vi vil difor føreta ei synfaring på dei aktuelle jordbruksområda for vi kan gje endeleg fråsegn til planen for å vurdere om utfylling kan komma i konflikt med automatisk freda kulturminne eller potensial for slike, eller andre verneverdige kulturminne. Diverre hadde ikkje Kultur- og idrettsavdelinga høve til å delta på den varsla felles synfaringa, men vi vil prioritere å få gjort ei kulturhistorisk synfaring så snart som råd er. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei vidare arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova."

I brev av 01.12.2009 kom fylkeskommunen med følgende tilleggsuttalelse:

"Viser til brev av 31.08.09 med planendringssøknad for Folkedal kraftverk i Granvin, samt vårt brev datert 09.09.09 med førebels fråsegn og varsel om synfaring i samband med massedeponi.

Synfaringa vart gjort 24.09.09 saman med grunneigar Gunnar I. Folkedal.

Tidlegare i år vart det i samband med ei anna plansak, i regi av Hordaland fylkeskommune, føreteke arkeologisk registrering langs vegen på det høgastliggjande arealet som no er omsøkt. Det vart ikkje funne spor etter automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige

kulturminne. Resten av det omsøkte arealet som er planlagt heva har tidlegare vore myr og er no svært vassjuk og overfløymt mark. Ei arealheving vil ikkje endre landskapsbildet nemneverdig så lenge elveløpet vert liggjande slik det gjer i dag. Elva set sitt preg på dalen og må ikkje "rettast ut" i samband med tiltaket. På sørvestsida av vegen har marka tidlegare vore dyrka opp etter utskiftinga og ein bekk som slynga seg gjennom området vart då strekt ut og lagt opp mot kanten av den tidlegare myra. Vi har elles ingen andre merknader til dette tiltaket slik det er skissert på vedlagte materiale.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aksemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2. ledd)."

Indre Hardanger kraftlag har kommentert de innkomne høringsuttaelsene slik i vedlegg til e-post av 18.12.2009:

"3. Kapasitet i ovanforliggende nett.

BKK Nett hadde følgjande høyringsuttale til vår konsesjonssøknad:

"Det er på det nåværende tidspunkt ikke ledig nettkapasitet for det konsesjonssøkte tiltaket for Folkedal kraftverk.

BKK Nett arbeider med en større vurdering av muligheter for nettkapasitet til mulige fremtidige kraftverk i Hardanger, Voss og Samnanger (HVS), Folkedal kraftverk er ett av mange kraftverk som inngår i denne vurderingen. BKK Nett har som en del av dette arbeidet blant annet sendt konsesjonssøknader til NVE"

IHK som områdekonsesjonær er også tidlegare gjort kjent med dette, problemet er mellom ana teke opp i den regionale kraftsystemplanen. Saka har også vert drøfta ved direkte kontakt mellom BKK og IHK ved fleire høve. BKK Nett arbeider no med å få oppjustert overføringskapasiteten Granvin - Voss. Prosjektet ligger hjå NVE til konsesjonshandsaming, saksnummer 200806704.

IHK er også innforstått med at me kan verta avkravd eit til no ukjent anleggsbidrag for dette. Eventuell byggestart for Folkedal kraftverk vil difor verta koordinert med BKK Nett, slik at det vil vera kapasitet i regionalnettet ved oppstart av ny kraftproduksjon.

4. Plassering og utførelse av kraftstasjonsbygning.

Det aktuelle området for ny kraftstasjon er særmerkt med mykje lausmassar og eit parti der elva renn på fjell delvis i dagen. Dette har bydd på utfordringar vedkommande plassering av tunnelpåslag og stasjonsbygg.

